

**Kommunestyret i Kvinnherad skrumpar inn. I 2006 vart talet redusert frå 45 til 35 representantar, og no føreslår rådmannen ytterlegare reduksjon – til 27. Økonomi er hovudargumentet for den føreslegne reduksjonen, som eventuelt vil gjelda frå hausten 2015 (etter neste kommuneval).**

Etter eit møte med gruppeleiarane i dei ulike partia sist veke, føreslår rådmannen no at talet på representantar i kommunestyret blir redusert frå 35 til 27 – med verknad frå hausten 2015.

Saka kjem opp i formannskapet torsdag 10. oktober. Innstillinga frå rådmannen byggjer på Kommunelova, der det går fram at ein kommune på Kvinnherad sin storleik skal ha minimum 27 representantar i kommunestyret.

Sakshandsamar Geir Mogren trekkjer fram fleire argument for å redusera talet på folkevalde, blant anna kostnadene. Han viser til at kommunen vil spare møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og reisegodtgjersle for åtte representantar.

Ein reduksjon av kommunestyret vil i neste omgang føra til færre representantar i formannskap og utval, og dermed oppnår ein ytterlegare innsparingar.

Men Mogren peikar også på to argument for ikkje å gjera endringar. Det eine er at småbygder blir dårlegare representert. Det kan også gå ut over småpartia, skriv han i innstillinga.

I den økonomiske situasjonen Kvinnherad no ein gong er i, finn rådmannen det likevel rett å redusera talet.

#### **Frå hausten 2015**

I innstillinga er det nemnt at talet på representantar skal gjelda frå 1. januar 2016, men Geir Mogren presiserer overfor *HusnesNett* at ordninga sjølv sagt vil tre i kraft frå første møte etter kommunevalet i 2015 – viss det blir vedteke.

Når formannskapet har sagt sitt, vil saka koma opp i kommunestyret for endeleg avgjerd.

**Av Kristian Hus**  
*HusnesNett*